

Sak 56/2017 Svar på interpellasjon om anskaffingspolitikk frå Meland FrP

I interpellasjonen frå Øyvind Bratshaug (FrP) blir det sett fokus på utfordringa med å skaffe tilstrekkeleg med praksisplassar for personar med nedsett arbeidsevne eller som har problem med å skaffe seg arbeid i ein ordinær arbeidsmarknad. Det nye tiltaket AFT, arbeidsførebuande trening, blir trekt fram som eit tiltak som vil krevje mange praksisplassar. I det nye anskaffingsregelverket som trådde i kraft ved nyttår, er det opna opp for at ein kan ta i bruk såkalla «reserverte kontraktar», dvs. kontraktar som blir reserverte for verksemnder med funksjonshemma eller vanskelegstilte personar, jf. anskaffingsforskrifta.

Ordføraren støttar dette forslaget og vil ta initiativ til at kommunen følgjer opp intensjonen i interpellasjonen frå representanten Bratshaug. Slik eg leser interpellasjonen er det ikkje formulert noko konkret framlegg til vedtak, og eg vil foreslå følgjande oversendingsvedtak.

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen komme tilbake med ei sak om korleis Meland kommune kan nytte «inkluderande kontrakter», jf. § 8-8 i anskaffingsforskrifta.

Frekhaug, 9.5.2017

Øyvind H Oddekalv